



Stølavikjo i går.

**Etter det kraftige uveret i går, har det også utover natta vore sterk vind mange stader. Det er heldigvis venta litt mindre vind utover søndagen. Vi ber om at lesarane sender inn både meldingar og bilete som fortel om korleis veret har herja. Vi er interessert i bilete både frå laurdag og søndag.**

Heldigvis har vi ikkje fått melding om store skader i Uskedalen enno. Eit tre var velta over vegen i Lensmannssvingen ved grensa mot Herøysundet i går kveld. Det vart raskt rydda. Elles har deler av bygda vore utan straum. Riks-TV har vore ute.

Det er grunn til å frykta at den høge vasstanden og dei kraftige bølgjene kan ha gjort skade på naust, kaianlegg og båtar. Vi bed lesarane om å oppdatera oss på slike saker både med meldingar og foto. De kan ta kontakt med oss på epost [thordossland@gmail.com](mailto:thordossland@gmail.com) eller mobil **99 37 13 25**.

Det vert spennande å sjå når det lysnar til dag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.  
Foto: Kjell Magne Haugland